



Styremøte Bø museum

Dag: 27.04.2023

Tid: kl.19.00

Stad: Polen

Til stades: Kristin Kleppen, Ellen Schrumpf (vara), Kari Rast Monge, Olav Finstad, Jørn Berget, Kari Lønnestad

Forfall: Evy Beate Stykket, Bergit Li (frå drift)

Sakliste

Sak 26/23 Godkjenning av innkalling og sakliste
Innkalling og sakliste godkjent.

Sak 27/23 Godkjenning av referat, styremøtet 23 mars
Referatet godkjent.

Sak 28/23 Videre plan for prosjektstilling ved Bø Museum. (sjå vedlegg)
Styret drøfta kva for funksjonar det er ønskeleg å legge til stillinga. Det er behov for samlingsforvaltning, "frontfigur", formidling, skape/initiere aktivitet, utvikling av museet. Vedtak: Aktuelt med ei 50% prosjektstilling i to år, som evt kan forlengast. Den som skal tilsettast bør helst ha mastergrad i relevante fag. Vi ber Bergit sjå på kor mykje av støtta frå kommunen som trengst til faste utgifter og kor mykje vi må ta frå kapitalen. Lyse ut stillinga over sommaren. Ellen utarbeider forslag til utlysing til neste styremøte. Kristin avklarar med kommunen ang. arbeidsgjevaransvar.

Sak 29/23 Gje ut hefte «Huldrehistorier frå det gamle Bøherad» av Olav Solberg. Kristin orienterte frå møte med Olav Solberg. Han har skriva eit hefte og ønsker museet som utgjevar. Det kan trykkast hos USN, aktuelt å illustrere med foto frå samlinga til museet. Vedtak: Dette er eit positivt tiltak, museet tar på seg utgjevinga.

Sak 30/23 Status utstilling /sommarmarperioden
Ellen orienterte frå arbeidet med utstillinga. Olav kan delta i produksjon av plansjer. Tittel på utstillinga må avklarast så snart som råd, eit aktuelt forslag som styret støttar er "Med kunnskap skal bygda byggjast". Ellen tar det vidare med Evy. Dei ser også på temainnslag på opningsarrangementet.

Åsestugo - kan me halde den open? Det trengst i så fall frivillige i tillegg til dei tilsette sommarvertane. Kari, Kari og Kristin melder at dei kan ta nokre dagar kvar, me kan også truleg få med nokre fleire. Nærare om tid seinare.

Sak 31/23 Kurs i museumsforvaltning 13. mai. Deltaking.
Samarbeidsorganisasjonen Soga arrangerer, kurset går på Bø museum. Kari L melder seg på.

Sak 32/23 Orienteringssaker/referatsaker

- Måling Åheim, Jørn orienterte. Oppstart rundt 20. juli. Relativt lite dugnadsfolka kan gjera pga regelverk. Kostnadsoverslag er venta neste veke. Måling er innkjøpt. Polen skal dugnadsfolka ta, i første omgang skal dei vaske huset utvendig. Det treng truleg ikkje målast i år, men når det skal skje må ein bruke linoljemåling også på denne bygningen.
- Storvask inne på Polen er nyleg gjort av støttegruppa.
- Pilgrimsvandring 29. mai. Synnøve Fosslund kokar suppe. Kari og Kari stiller.
- Vårmarknad på Bø torg 5 – 6 mai. Kari og Kari stiller, kanskje også Olav og/eller Kristin.
- Dugnad på uteområdet tysdag 2. mai – få folk til å møte. Kl 1700
- Oversikt over tidlegare saker me må følge opp.
 - Museumsnettverket Soga - opp på neste styremøte
 - Skilting på museumsområdet - Jørn og Kari tar det vidare

Sak 33/23 Eventuelt

- Tore Bjørn Pettersen har spurt om det er behov for å halde geitene på Kvennøya unna bygningane på tunet, pga avføring som kan vera sjenerande for besøkande. Me meiner det ikkje er behov for dette.
- Olav orienterte: Billedsamling frå Roalkvam, ca 2900 bilde, kan om me ønsker det leverast til Nasjonalbiblioteket for skanning. Dei skannar bilda og tar vare på originalane, mens museet får dei digitale filene og kan bruke dei som me ønsker. Styret er positive til denne løysinga. Olav orienterer Finn.

Ref. Kari